

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019

Representanten Per Lerøy (A) har stilt fylgjande spørsmål:

Elevar frå ytre Gulen og Solund har gjennom Hordalandsavtalen rett på dagleg skuleskyss til Austrheim vidaregåande skule. Når me no slår saman Hordaland og Sogn og Fjordane til Vestland fylke, vil det vera naturleg at elevar frå indre Gulen får det same tilbodet om dagleg skuleskyss til Knarvik vidaregåande skule. Eg foreslår at det vert oppretta ei skulerute frå Oppedal til Knarvik for skuleåret 2019/2020. Det bør leggjast til rette for at elevar frå heile indre Gulen og frå Modalen kan nytta denne ruta. Ei slik løysing vil gje elevar frå indre Gulen og Modalen moglegheita til å bu heime mens dei tek vidaregåande utdanning, noko dei ikkje har i dag. Dette vil vere til gagn og gled for både elevane og lokalsamfunna dei kjem frå. Reisetida frå indre Gulen og Modalen til Knarvik vil bli omlag ein time, noko som vil vera akseptabelt for dei fleste.

Vil utval for opplæring og helse leggja til rette for at elevar frå indre Gulen og Modalen skal kunna dagpendla til Knarvik vidaregåande skule neste skuleår?

Svar frå fylkesrådmannen:

Innleiingsvis gjer fylkesrådmannen merksam på at spørsmålet frå Lerøy var meint stila til MISA og ikkje til OPHE slik det står.

Hordalandsavtalen, som det vert vist til, er ein avtale mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar som gjeld for Gulen kommune og Solund kommune knytt til elevplass ved Austrheim vidaregåande skule. Avtalen gjeld ikkje for elevplassar ved Knarvik vidaregåande skule. Fylkesrådmannen ser difor ikkje grunnlag for å opprette eit tilbod om skuleskyss for vidaregåande skuleelevar frå Gulen, mellom Oppedal og Knarvik, frå hausten 2019/2020. For skuleåret 2020/2021 vil skuleskyssbehovet bli vurdert med grunnlag i den samla skulestrukturen og elevinntaket, samt skuleskyssreglementet som vert gjeldande for Vestland fylkeskommune.

Vidaregåande skuleelevar busett i Modalen har skuleskyssstilbod til og frå Knarvik vidaregåande skule.